



Haakon Gunnar Aase
Litlebergen 29
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/778 - 21/5991

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
29.01.2021

Adresseendring og adressetildeling Litlebergen 16

Administrativt vedtak: Saknr: 130/21

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressetildeling:

Gbnr	Brukseining	Eksisterande adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
326/5	H0101 (B)	Litlebergen 16	Litlebergen 16A
326/5	U0101 (B)	etterregistrering gkj bueining	Litlebergen 16B

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

Det har kome henvendig frå eigar om at dette våningshuset inneheld 2 ulike brukseiningar (bustader) som vert leigd ut. Innsende byggteikningar – frå 1978, 79 viser 2 adskilte brukseiningar. I dag er det berre ei bueining og ei adresse som er registrert i matrikkelen i dette våningshuset.


Vurdering

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Litlebergen.

Adresseendringa trer i kraft straks. Huseigar må gje melding om adresseendringa til dei som leiger i dette bygget.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv. Eventuell bebuar i brukseininga i underetasjen, må melda ny adresse til folkeregisteret.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/778

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Haakon Gunnar Aase
Kristine Fluge

Litlebergen 29
Litlebergen 29

5919 FREKHAUG
5919 FREKHAUG